



SOGN REGIONRÅD

MØTEINNKALLING

Organ: SGN REGIONRÅD

Møtestad: Luster rådhus

Møtedato: 21.04.2021

Tid: 09:45 - 15:30

Eventuelt forfall skal meldast til telefon 57 65 25 60. Varamedlemmar møter etter nærmere avtale.

Dagsorden

- 0945-0955 Ivar Kvalen ønskjer velkommen til Luster
- 1000-1200 Digital entreprenørskapsmesse
- 1200-1230 Pause - servering
- 1230-1420 Oppmøte
Godkjenning av innkalling og sakliste
Godkjenning av protokoll frå møtet 19. februar 2021
Handsaming av saker i Sogn regionråd
- 1420-1430 Pause
- 1430-1505 Ny programplan for barnehage- og skuleutvikling i Sogn
Inger Marie Evjestad, programleiar System for styrka læring
- 1505-1530 Sogn for alle – kva har vi oppnådd og kva er viktig å ta med i vidare arbeid
Heidi Myrvold, prosjektleiar
- 1530 Møtet slutt.

SAKLISTE

Saksnr.	Arkivsaksnr. / Tittel
5/21	21/2194-1 Årsmelding og rekneskap 2020
6/21	20/1632-30 Regionalplan for Sogn 2021-2024 og handlingsplan for 2021
7/21	20/4990-16 Regional transportplan Vestland 2022-2033 - innspel til handlingsplanen
8/21	21/1279-4 Grøn region Vestland - deltaking i prosjekt
9/21	21/1862-3 Søknad om tilskot frå Visit Sognefjord 2021
10/21	21/1091-3 Orienteringssaker Sogn regionråd

Sogndal, 15. april 2021

Hilmar Høl
leiar

Karina Nerland
dagleg leiar

Sogn regionråd

Saksh.: **Karina Nerland**
Arkivsak: **21/2194**

Arkiv: **210 &14**

**Saksnr.: Utval
5/21 Sogn regionråd**

**Møtedato
21.04.2021**

Sak 5/21

Årsmelding og rekneskap 2020

Tilråding:

Sogn regionråd vedtek årsmelding og rekneskap for 2020 slik det ligg føre.

Vedlegg:

Årsmelding og rekneskap 2020

Saksutgreiing:

Årsmelding og rekneskap for 2020 er lagt ved.

Rekneskapen for Sogn regionråd er revidert som del av rekneskapen for Sogndal kommune.

Sogn regionråd

Saksh.: **Karina Nerland**
 Arkivsak: **20/1632**

Arkiv: **130**

Saksnr.:	Utval	Møtedato
1/20	Sogn regionråd	28.02.2020
17/20	Sogn regionråd	11.12.2020
6/21	Sogn regionråd	21.04.2021

Sak **6/21**

Regionalplan for Sogn 2021-2024 og handlingsplan for 2021**Tilråding:**

Sogn regionråd vedtek regionalplan for Sogn 2021-2024 og handlingsplan for 2021 slik det ligg føre.

Sogn regionråd set av kr 300 000 til fellesprosjekt innan næringsutvikling og kr 200 000 til strategisk arbeid. Løyvinga vert finansiert frå fondsmidlar diverse prosjekt og kontigent

Vedlegg:

Regionalplan for Sogn 2021-2024 – framlegg
 Handlingsplan for 2021 - framlegg
 Innspela frå høringsrunden og gjennomgang av innspela

Saksutgreiing:

Regionalplanen er eit styringsdokument i regionrådet sitt arbeid med å utvikla regionen. Planen har fokus på det regionale perspektivet og felles satsingsområde som kommunane vil samarbeide om og løysa i lag i perioden 2021-2024.

Vi har brukt kunnskap frå den regionale analysen frå Telemarksforsking som grunnlag til planarbeidet. Ekstern prosessleiar er leigd inn og vi har lagt opp til ein grundig prosess med innspels- og drøftingsmøte både felles formannskapsmøte der samarbeidspartar deltok og på dei kommunevise nettmøta september-oktober. Planen vart presentert og drøfta på rådsmøte i Flåm i oktober.

Rådet handsama høringsframlegg til strategidelen 11. desember og høringsframlegget vart sendt til kommunane og til eksterne aktørar. Høringsfristen vart sett til 15. mars for at kommunane skulle rekke politisk handsaming. Handlingsplanen for 2021 blir også lagt fram i dette møtet.

Det er kome innspel frå kommunane Aurland, Luster, Sogndal, Vik og Årdal, Høgskulen og fylkeskommunen til høringsframlegget.

Det overordna målet for Sogn regionråd er «Vi skal vera ein pådrivar for å gjera Sogn attraktivt for innbyggjarar, næringsliv og besökande». Det er valt ut fire tema og 10 satsingsområde. Pilarane berekraft, påverknadsarbeid og samarbeid støttar opp under alle temaa og satsingsområda.

Vurdering:

Formålet med planen er å utvikla eit godt styringsdokument for utvikling av Sogn og få til ei prioritering av dei viktigaste samarbeidsoppgåvene i vår region dei neste fire åra.

For å sikra gjennomføring bør regionalplanen vera spissa og ikkje ha for mange satsingsområde. Dette inneber at ikkje «alt» kan vera med. Prioriterte område er dei som bidreg til å nå føremålet til rådet og område som vi har virkemiddel på og kan påverke. I arbeidet har vi lagt opp til drøfting og innspelsrunder for å sikre god forankring og medvirkning om mål og strategival. Slik kan planen skapa eit godt grunnlag for eit styrka regionalt samarbeid.

Høyringsrunden viser at det er gjennomgåande tilslutting til mål og strategiar. Innspela er samanfatta i vedlegget med administrasjonen sine vurderingar og forslag til oppfølging.

Endringar som er teke inn i regionalplanen:

- Regionalplanen er ikkje ein plan etter plan- og bygningslova
- Utviklingsplanen for Vestland er omtalt i pkt 1.3 Forankring og innhald i planen
- Delmål om auka læringsutbytte kan bli endra etter handsaming av regionalt program for barnehage- og skuleutvikling (4.2 delmål)
- Endra overskrift frå Høgare utdanning til Høgare utdanning og forsking og teke inn Høgskulen sin ambisjon om å bli eit profesjons- og arbeidslivsretta universitet (pkt 4.2 B)
- Omtale i planen om klimaomstilling og at næringslivet må jobba aktivt for å redusera sine utslepp (pkt 4.3 Grøn næringsutvikling). Bærekraftmål 13 Stoppe klimaendringane er teke inn.

Det er innspel om at arbeidet og rolla til rådet må forankrast i dei ulike kommunane t.d. ved at formannskapa/kommunestyra møtest jamleg og at kommunane forpliktar seg meir til rådet sitt arbeid.

Prosjekt /aktivitetar som er tilrådd i framlegg til handlingsplan for 2021 er blant anna:

- Felles profil og merkevare for Sogn
- Sogn for alle – integrering av innvandrarar
- Kompetansebehov i arbeidslivet - innspel til Kompetanseforum Vestland
- Partnarskapsavtale for fleire læreplassar i Sogn
- System for styrka læring – regionalt utviklingsprogram for barnehage- og skuleutvikling
- Prosjektet Grøn Region Vestland – indre Sogn og Hardanger
- Støtte arbeidet om utvikling av Sogn som reisemål
- Prosjekt om teknologi og digitalisering i Sogn
- Påverknadsarbeid for prioriterte samferdsletiltak

Næringsnettverket har arbeidd fram eit fellesprosjekt med fire innsatsområde som rådet slutta seg til i juni 2020. Dei fire innsatsområda er: Reiseliv, vertskapsrolle for offentlege arbeidsplassar, profilering og rekruttering og teknologi og digitalisering. Grøn næringsutvikling kan vera eit femte innsatsområde som kan vera aktuelt at nettverket samarbeider om. Næringsnettverket er i gang med å drøfta gjennomføring av fellesprosjektet, finansieringsløysingar og organisering av arbeidet. Det vert lagt opp til at nettverket kan kome med eit forslag i eit seinare møte i rådet. Prosjektet felles profil og merkevare er alt starta opp. Administrasjonen tilrår å setja av midlar til næringsnettverket sitt fellesprosjekt for inneverande år og at kommunane i løpet av hausten avklarer korleis gjennomføra dei andre innsatsområda, ressursar (økonomisk og personell) og finansieringsløysingar frå 2022. Det må avklarast kva innsatsområde som bør starta og korleis arbeida i nettverket.

Det er utarbeidd eigne handlingsplanar for samferdsle, prosjektet Sogn for alle og programmet System for styrka læring som rådet har vedteke.

Regionane si rolle er i endring, noko som er peika på i planen. Nye strukturar gjer at vi treng sterke regionar der kommunane samarbeider. Regionråda vil truleg få ei større rolle i tida framover. Vi må auke innsatsen på det strategiske påverknadsarbeidet. Administrasjonen tilrår å setja av fondsmidlar i 2021 til styrking av rådet sitt strategisk arbeid for gjennomføring av dei prioriterte områda i regionalplanen.

Sogn regionråd

Saksh.: **Karina Nerland**
 Arkivsak: **20/4990**

Arkiv: **F11 &13**

Saksnr.: Utval
7/21 Sogn regionråd

Møtedato
21.04.2021

Sak **7/21**

Regional transportplan Vestland 2022-2033 - innspel til handlingsplanen**Tilråding:**

Sogn regionråd vedtek følgjande innspel til regional transportplan Vestland 2022-2033 – handlingsplanen:

Sogn regionråd viser til overordna uttale dagsett 26. februar 2021. Her kjem rådet sine innspel til konkrete tiltak (handlingsplanen) i planperioden.

Vi gjer merksam på at dette er ei samrøystes prioritering frå kommunane i Sogn. I tillegg kjem kommunane med sine meir detaljerte innspel direkte til fylkeskommunen.

Fylkesvegnettet

Sogn har særeigne utfordringar innan samferdsle. Vi har mange og lange tunnelar. Vegane er av dei mest rasutsette i landet. Dei mange fjellovergangane ut og inn av regionen er krevjande, særleg på vinterstid. I tillegg gjer Sognefjorden oss ofte avhengig av båt og ferje.

Drift, vedlikehald og investeringar i fylkesvegnettet*Fv. 55 Vadheim – Grense Innlandet*

Dette er den viktigaste samanbindingsvegen i Sogn. Her er 12 skredpunkt med høg eller middels faktor, mykje smal veg med dårlig standard og fleire ulukkespunkt.

Rådet vil peike på følgjande strekningar som dei viktigaste:

Fv. 55 Merket – Ulvåna (Høyanger)

Fv. 55 Nes – Høyheimsvik (Luster)

Fv. 55 Dale sentrum (Luster)

Ny vegtrase frå Kaupanger på fv. 424 Kaupanger – Haukåsen (Flyplassvegen) er òg viktig for regionen.

Vinterstenging

Rådet ber om opning av Gaularfjellet og Sognefjellet tidlegare enn no, og seinast til påske.

Rådet ynsker seg òg meir fleksibilitet på stenging av fv. 5442 Stordalen - Matre.

Tunnelar, bruar og ferjer

Regionen har elles mange tunnelar med låg standard, utan lys og møtenisjar. Kommunane vil her melde inn sine prioriteringar.

Skredsikring

Regionen er blant dei delane av landet som har flest skredpunkt med høg eller middels faktor.

Rådet prioritærer rassikring av fv. 5600 Vik – Arnafjorden høgast.

I tillegg vil vi peike på

Fv. 53 Lang tunnel Finnsås - Kolnos

Fv. 5586 og fv. 5442 Ortnevik – Ikjefjord – Oppedal i Høyanger

Fv. 5641 Veitastrondsvegen i Luster

Fv. 55 Kvam til grensa mot Luster

Fv. 5637 Skjolden – Urnes

Fv. 5623 Gudvangen – Bakka

Fv. 5602 Feios – Fresvik

Rådet står elles det arbeidet fylkeskommunen og Nasjonal rassikringsgruppe gjør for å auke løyvinga til fylkeskommunen innan rassikring. Det er i tillegg viktig at fylkeskommunen prioritærer dei knappe skredsikringsmidlane i samsvar med skredfaktormodellen.

Omkøyringsvegar

Kommunikasjonane i Sogn er sårbare. Ved skred og dårleg vær. Ved ulukker, tunnelbrannar, havari og tekniske problem. Men også ved større vedlikehaldsprosjekt. Og ofte har vi ikkje omkøyringsalternativ. Eller dei er få og tek urimeleg lang tid.

Dette er ei stor utfordring for næringslivet, både internt i regionen og mellom aust og vest jf. t.d. nattestenging av Lærdalstunnelen. Det blir viktig å ha ei god oversikt over omkøyringsalternativ og dessutan fjerne flaskehalsar før vedlikehaldet startar.

Mobilitet og kollektivtransport

Kollektivtransport

Rådet har merka seg at Skyss vil legge fram ei strategi for kollektivtransport for heile det nye fylket. Takstar og sonedeling må no bli slik at pris og køyrelengd blir lik mellom dei ulike sonene.

Sykkel og gange

Rådet prioritærer desse gang og sykkelvegane i tilknyting til fylkesvegnettet:

Fv. 271 Ofta – Svingum (Lærdal)

Fv. 5609 Njøsavegen (Sogndal)

Fv. 55 Langs Barsnesfjorden (Sogndal)

Fv. 55 Dragsvik – Grøneng (i samband med bru over Esefjorden)(Sogndal)

Fv. 5601 Vange bru – Flatbygdi skule (Vik)

Fv. 55 Gangbru over Jostedøla (Luster)

Miljøloftet

Fly

Rådet er oppteken av at FOT-rutene vert sikra med dagens rutetilbod som eit minimum, når fylkeskommunen overtek dette ansvaret i 2024. Sogndal lufthamn, Haukåsen eignar seg utmerkt som pilot for ei satsing på el-fly og bør bli del av eit pilotprosjekt.

Finansiering

Meir veg for pengane

Det er viktig å få «meir veg for pengane». Vi må nytte handlingsrommet i vegnormalen.

Vegeigar må - så tidleg som mogeleg i planprosessen - velje rett entrepriseform.

Og vi må ha ein byggherrestrategi som ser investeringane og vedlikehaldet på veg, gang- og sykkelvegar, tunnelar, bruer, rassikring og kommunale tiltak i samanheng. Ved å samle tiltaka innanfor eit geografisk område eller vegstrekning kan vi sikre heilskaplege løysingar med t.d. god massebalanse, tryggleik og høg samfunnsnytte.

Nasjonale ansvarsområde

NTP

Rv. 13 Hella - Sogndalsfjøra

I framlegget til Nasjonal transportplan får Nye Veier AS no ansvar for rv. 13, og dermed m.a. for strekninga mellom Hella og Sogndalsfjøra (tidlegare rv. 55). Det vert difor naudsynt å sjå utbetringane på fv. 55 i samanheng med planane til Nye Veier AS.

Sogn regionråd er i dialog med Hardangerrådet får å få til ei samordna, felles, utbyggingsstrategi. Vi føreset at fylkeskommunen står opp under dette samarbeidet og tek omsyn til dei to råda sine felles prioriteringar i sin strategi og sine handlingsplanar.

Sognefjellstunnelane

I samband med NTP 2014 – 2023 var departementet innstilt på å lage ei konseptvalutgreiing (KVG) for Sognefjellstunnelane. Dette vart aldri gjennomført. Rådet ber om at det vert gjennomført ei slik KVG.

Vedlegg:

Vedlegg til samferdsleplanen – strekningsvise prioriteringar.

Saksutgreiing:

Vestland fylkeskommune vedtok hausten 2020 planprogrammet for regional transportplan 2022-2033. Det er lagt opp til fleire rundar med innspel og høyringar. Leiar i samferdslegruppa gav innspel om våre prioriterte samferdsletiltak på høyringsmøte 10. februar og rådet sende fråsegn 26. februar. Fylkeskommunen arbeider no med planutkast og handlingsprogram.

I drøftingane i sist rådsmøte vart det trekt fram at det vil styrke moglegheitene for gjennomslag om rådet står samla om prioriteringane til RTP. Samferdslegruppa har etter sist rådsmøte innhenta kommunane sine prioriteringar for kvar av desse områda: Fylkesvegar, rassikring og gang- og sykkelvegar.

Fylkeskommunen utarbeider høyringsdokumentet som vil bli handsama i fylkesutvalet i juni før det blir sendt på høyring. Samferdslegruppa drøfta i møtet 14. april innspel til handlingsplanen som vert lagt fram for rådet for tilslutting.

Sogn regionråd

Saksh.: **Karina Nerland**
 Arkivsak: **21/1279**

Arkiv: **U01**

**Saksnr.: Utval
8/21 Sogn regionråd**

**Møtedato
21.04.2021**

Sak 8/21

Grøn region Vestland - deltaking i prosjekt**Tilråding:**

Sogn regionråd er positive til å delta i regionalt prosjekt «Grøn region Vestland – Indre Sogn og Hardanger».

Sogn regionråd løyver inntil kr 150 000 i finansiering av prosjektet som vert leia av Vestland fylkeskommune. Løyvinga vert finansiert frå fondsmidlar diverse prosjekt.

Vedlegg:

Invitasjon frå Vestland fylkeskommune

Saksutgreiing:**Bakgrunn:**

Vestland fylkeskommune orienterte på sist møte i Sogn regionråd om prosjektet «Grøn region Vestland». Prosjektet spring ut av «Utviklingsplan for Vestland 2020-2024» og rapporten «Vestlandsscenarioene 2020» som vart lagt fram i oktober 2020. Gjennom arbeidet med «Vestlandsscenarioene 2020», er det peika på grøn omstilling i næringslivet som ein nøkkel til å lukkast med vekst og utvikling i Vestland etter koronakrisa, og det er blinka ut næringar og nye verdikjeder som må styrkast og utviklast som del av denne omstillinga. Det er også peika på særskilt viktige nye forretningsmoglegheiter innanfor desse næringane og verdikjedene.

Vestland fylkeskommune ønskjer å legge til rette for å arbeide saman i ein brei partnarskap mellom bedrifter, forskingsmiljø, utdanningsinstitusjonar, partane i arbeidslivet, NAV, næringslivs- og verkemiddelaktørane, kommunane og fylkeskommunen.

Som oppstart av prosjektet ønskjer Vestland fylkeskommune å gjere regionale analyser av forretningsmoglegheiter i ulike deler av Vestland, med felles analysearbeid i fire regionar: Bergensregionen, Sunnhordland, Indre Sogn/Hardanger og Nordfjord/Sunnfjord/HAFS. I kvar av desse fire regionane skal ein gjennom dei regionale delprosjekta finne svar på følgjande:

1. Kva har vi å spele på?

Kva er konkurransefortrinna i regionen?

Her ser vi på: bedrifter, kundar, leverandørar, kompetansebase, infrastruktur og moglegheiter for synergiar/sirkulære modellar i regionen.

2. Kor skal vi spele?

Kva vil vera best å satsa på gitt konkurransefortrinna avdekka i punkt 1?

Her jobbast det med: Kvalifisering og prioritering av dei viktigaste forretningsområda.

3. Korleis skal vi vinne?

Kva tiltak må vi iverksetje for å utnytte moglegheitene og forser barrierane?

Korleis kan vi lukkast med pilotering og skalering?

Kvar regionale prosess vil ha ei eige styrings- og referansegrupper med representantar frå den aktuelle regionen.

Det er planlagt å starte opp delprosjekta i mai 2021, med ein prosjektperiode på 3-4 månader. Samla økonomisk ramme pr prosjekt er om lag kr 500 000, der Vestland fylkeskommune finansierer kr 200 000. For regionen Indre Sogn og Hardanger betyr det at kvar av delregionane må bidra med ei finansiering på kr 150 000. Hardangerrådet har løyvd inntil kr 150 000 til prosjektet. Fylkeskommunen kontaktar Voss kommune om deira bidrag til finansiering.

Vurdering:

Prosjektet passar godt inn i prioriteringane i Sogn regionråd sin regionalplan 2021-2024.

Delmål innan næringsutvikling er: Nyetableringar og vekst i eksisterande private og offentlege verksemder i regionen, der vi byggjer på det vi er sterke og gode på. Grøn næringsutvikling er framheva som viktig for Sogn regionråd mellom anna er vår strategi å bidra til å bygge kunnskap om moglegheiter innanfor det grønne skiftet.

Det er viktig at ein gjennom arbeidet får til gode møteplasser og samhandlingsarenaer mellom kommunar og næringsliv i Sogn og Hardanger.

Administrasjonen tilrår at vi takkar ja til å delta og at vi løyver av fondsmidlar til prosjektet.

Sogn regionråd

Saksh.: **Karina Nerland**
 Arkivsak: **21/1862**

Arkiv: **223**

**Saksnr.: Utval
9/21 Sogn regionråd**

**Møtedato
21.04.2021**

Sak 9/21

Søknad om tilskot frå Visit Sognefjord 2021**Tilråding:**

Sogn regionråd løyver kr 250 000 for 2021 til internasjonal og nasjonal marknadsføring av Sognefjorden og reiselivsprodukta i Sogn. Løyvinga blir finansiert av midlar Reiseliv.

Vedlegg:

Søknad om tilskot for 2021 frå Visit Sognefjord

Saksutgreiing:

Visit Sognefjord søker om tilskot på kr 250 000 for 2021 til internasjonal og nasjonal marknadsføring av Sognefjorden og reiselivsprodukta i Sogn.

Visit Sognefjord har sidan selskapet vart etablert i 2013 vidareført marknadsarbeidet frå reiselivslaga og gamle Visit Sognefjord. Før covid-19-pandemien hadde sogneregionen ein solid auke i talet tilreisande og det var skjedd ei sesongutviding.

I grunnfinansieringa av selskapet inngår marknadsbidraga frå kommunane og næringa, tilskot frå regionrådet og fylkeskommunen, provisjonsinntekter, inntekter frå annonsekampanjar og prosjektfinansering.

Visit Sognefjord reknar med sannsynleg bortfall av marknadsbidrag, annonseinntekter og prosjektdeltaking frå reiselivsbedriftene i 2021 på kr 1,3 – 2,5 mill. som følge av Covid-19 krisa.

Visit Sognefjord har tre strategiske fokusområde i denne situasjonen:

- Sikre økonomien til selskapet og situasjonen for dei tilsette i selskapet.
- Oppretthalde størst mogleg innsats i eksisterande prosjekt, tiltak og nye marknads- og salstiltak for å sikre raskast mogleg marknadsvekst for næringa etter krisa.
- Påverke til- og informere om støttetiltak for medlemsbedriftene.

Marknads- og salstiltak og prosjekta vert oppretthaldt så langt som mogleg, samtidig som selskapet må kutte kostnader. Kostnadsreduksjonane vert gjort knytt til turistinformasjonsdrifta, reisekostnader, endringar i marknads- og salstiltaka og driftskostnader. Vestland fylkeskommune har gitt tilsegn på kr 850 000 i krisehjelp til Visit Sognefjord for 2021, men det gjenstår framleis om lag kr 500 000 – 1,7 mill. i reduserte inntekter samanlikna med budsjett. I tillegg fell den årlege prosjektstøtta frå fylkeskommunen på om lag kr 1,1 mill. vekk frå 2021 som konsekvens av fylkessamanslåinga.

Med bakgrunn i dette søker Visit Sognefjord om tilskot på NOK 250 000 i 2021 til internasjonal og nasjonal marknadsføring av Sognefjorden og reiselivsprodukta i Sogn i tråd med søknadane og innhaldet i tilskota Sogn regionråd har løyvd til Visit Sognefjord fram til 2020.

Vurdering:

I regionrådet sin regionalplan 2021-2024 er ein av strategiane å støtte Visit Sognefjord som verktøy for reisemålsutvikling i regionen. I budsjett for 2021 er det sett av midlar til reiseliv med kr 250 000.

Visit Sognefjord er pådrivar og koordinator for å utvikla reiselivet i regionen. Reisemålsselskapet sitt arbeid er viktig for regionen. Sogn regionråd si rolle er å forankra langsiktige mål og strategiar for reiselivsutviklinga og halda fram med å støtte opp om Visit Sognefjord som regional utviklings- og marknadsføringskanal. Reiselivet er hardt ramma av covid-19. Det er særleg viktig at Sogn regionråd held fram med å støtte opp om Visit Sognefjord som regional utviklings- og marknadsføringskanal. Administrasjonen tilrår å løyve midlar til Visit Sognefjord til internasjonal og nasjonal marknadsføring som dei søker om.

Sogn regionråd

Saksh.: **Karina Nerland**
Arkivsak: **21/1091**

Arkiv: **062**

**Saksnr.: Utval
10/21 Sogn regionråd**

**Møtedato
21.04.2021**

Sak 10/21

Orienteringssaker Sogn regionråd

Tilråding:

Orienteringar og drøftingar

1. Leiar
2. Samferdslegruppa
3. Innspel frå medlemane
4. Rådmannsgruppa
5. Administrasjonen
6. Forslag til ny programplan for barnehage- og skuleutvikling i Sogn v/ Inger Marie Evjestad, programleiar System for styrka læring
7. Sogn for alle – kva har vi oppnådd og kva er viktig å ta med i vidare arbeid v/ Heidi Myrvold prosjektleiar

Skriv og meldingar

1. Styringsgruppa Sogn for alle, møtereferat 9. februar 2021
2. Fråsegn til regional transportplan til Vestland fylkeskommune, 26. februar 2021
3. Programstyret System for styrka læring, møtereferat 8. mars 2021
4. Kompetanseutvikling i arbeidslivet - lokal samarbeidsarena, møtereferat 23. mars 2021
5. Næringsnettverket i Sogn – møtereferat 25. mars 2021
6. Fråsegn til Regional plan for innovasjon og næringsutvikling, 26. mars 2021
7. Samferdslegruppa, møtereferat 14.april 2021
8. Opplæringstilbodet for skuleåret 2021-2022 – innspel 14. april 2021
9. Regionråd – roller og samvirke 5. mai og 6. oktober 2021, invitasjon frå KS